

# Ledig stilling



Har du lyst til å jobbe saman med engasjerte lærarar på ein oversiktleg skule, med god atmosfære og fokus på elevane sin trivsel og læring?

## Ønska kvalifikasjonar:

- Grunnskulelærar med montessoriutdanning eller vilje til å starte på vidareutdanninga i 2020.
- Rektor m/ montessorikompetanse
- Spesialpedagogisk kompetanse
- IKT-kompetanse

## Personlege eigenskap:

- Engasjert i elevane sin faglege og sosiale kvardag, og skape gode relasjonar med alle elevane.
- Evner å jobbe tverrfagleg og temabasert med læreplanmåla i montessorilæreplana som styrande for aktivitetane.
- Fleksibel og samarbeidsvillig og tilhengar av delingskultur, med montessoriprinsippa i fokus for arbeid med utvikling av skulen.
- Vere glad i natur og å skape gode haldningar til den. Bruke den aktivt i læringa til elevane.
- Naturleg nysgjerrig på kunnskap og ny læring på alle klassetrinn. Forske saman med elevane og vise dei vegen til sjølvstende.
- Praktisk, konkret, visuell og erfaringsbassert læring i fokus.

Ulik stillingsstørelse og kombinasjonar kan vere aktuell.

For å få fast stilling må du ha tilleggsutdanning i montessoripedagogikk.

Lønn etter avtale og i samsvar med tariff.

Ved tilsetjing må ein vise gyldig politiattest.

**Søknadsfrist 10.05.2019. Oppgje minst 2 referansar!**

**Søknaden sendast til: [post@midsundmontessori.no](mailto:post@midsundmontessori.no)**

Midsund Montessoriskule vart starta opp i 2009. Vi har i år vore 35 elevar i 1.-7.kl. og 11 tilsette. Læringa skjer i aldersblanda grupper. Vi har samarbeid med «Inn på tunet»-gard. Felles lunsj førebudd av elevane. Vi serverer varmmat minst ein gong i veka. Heildagsskule for alle klassetrinn. Lekser berre i lesing. Lengre arbeidsøkter og langt friminutt midt på dagen.

Midsund er ein liten øykommune, som i januar 2020 blir ein del av Molde kommune. Her er ca. 2000 innbyggjarar. Er du glad i fjell og sjø, så er dette plassen for deg. Her er du omgitt av vakker natur og gode moglegheiter for friluftsliv og ulike idrettar! Du kan sjå meir om skulen og kommunen på facebook og våre nettsider.



For meir info. Ta kontakt!

Midsund Montessoriskule: 712 79 965

Rektor; Lillian Blø Rakvåg: 911 90 197

Mail: [post@midsundmontessori.no](mailto:post@midsundmontessori.no)